



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 11.02.2019

Sak nr.: 19/522-2

Internt l.nr.: 7471/19

Sak: 3/19

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 11. februar 2019**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 1. FR HMT og inkluderande arbeidsliv

Utvalet vart orientert om status for forvaltningsrevisjonen. Rapport vert levert seinast 18. mars 2019. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Marianne Vara orienterte om status for finansiell revisjon. Orienteringa vart teken til vitande.

3. Fylkeskommunen si oppseiing av deltakarforholdet i SF revisjon IKS

Vedlagte oppseiing av deltakarforholdet vart teken til orientering.

4. Oppfølging av arbeidsmiljølova

Dokumenta som var utsendt i samband med dette punktet vart vurdert som offentlege av kontrollutvalet.

Vedtak:

- a. *Kontrollutvalet ber kontrollsjef stille i hovudsamarbeidsutvalet sitt møte 20. februar i samband med utvalet si handsaming av sak om oppfølging av arbeidsmiljølova.*
5. Samanslåing til Vestland fylkeskommune – rolla til fylkeshovudvernombudet i Sogn og Fjordane.

Vedtak:

- a. *Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune oppfordrar om at fylkeshovudverneombudet (FHVO) i Sogn og Fjordane vert informert, og får høve til å gje sine innspel i omstillingsprosessen i tråd med AML §4-2(3).*
 - b. *Vedtaket sendast til prosjektleiar.*
6. Trivselshagen IKS - Orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet i tillegg til orientering om reklamasjonssaka vedr. bassenget. v/dagleg leiar Anniken Rygg

Dagleg leiar og styreleiar orienterte om status for reklamasjonssaka vedr. bassenget. Reklamasjonssaka mot entreprenøren er avslutta etter forlik. Erstatningskrav frå eigarane er ikkje ferdig handsama. Utvalet fekk i tillegg orientering om organisasjonsform og struktur i selskapet.

Kontrollsjefen kontaktar SEKOM for eventuell felles selskapskontroll av selskapet.

Orienteringa vart teken til vitande.

7. Hallgeir Hansen, rektor på Firda vgs vil orientere om skulen.

Rektor orienterte om Firda vidaregåande skule. Orienteringa vart teken til vitande.

8. Medlemsnytt frå Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Det er sendt ut to høyringar frå FKT. Den eine er høyring – ny kontrollutvals- og revisjonsforskrift. Den andre er høyringsutkast - veileder for kontrollutvalet sitt påsjå ansvar overfor revisor. Kontrollutvalsleiar oppfordrar medlemmane i kontrollutvalet om å sende sine høyringsinnspel til kontrollsjefen innan 10. mars 2019, slik at leiar i kontrollutvalet i samråd med kontrollsjef kan få utarbeidd høyringssvar frå kontrollutvalet for oversending til FKT innan 15. mars.

9. Godtgjersle til folkevalde 2019

Skrivet vart teke til orientering.

10. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Nestleiar i utvalet, Odd Atle Stegegjerdet, orienterte om kontrollutvalskonferansen 30. – 31. januar i år der fleire spanande tema var sett på dagsorden. Eksempelvis vart både Tolga-saken og Boligbygg-saken belyst frå presse og kontrollutval si side på konferansen. Orienteringa vart teke til vitande.